

## KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/23/37

av 8. mai 2006

**om endring av vedtak 2001/171/EF med sikte på lenging av tidsrommet som vilkåra for eit unntak for glasemballasje med omsyn til dei nivåa for konsentrasjon av tungmetall som er fastsette i europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF, skal gjelde for(\*)***[meldt under nummeret K(2006) 1823]*

(2006/340/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF av 20. desember 1994 om emballasje og emballasjeavfall<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 11 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det unntaket som er fastsett i kommisjonsvedtak 2001/171/EF<sup>(2)</sup> for glasemballasje med omsyn til dei konsentrasjonsnivåa av tungmetall som er fastsette i direktiv 94/62/EF, sluttar å gjelde 30. juni 2006.
- 2) Grenseverdien på 100 ppm som er fastsett i artikkel 11 nr. 1 i direktiv 94/62/EF, vil berre kunne stettast i heile Fellesskapet dersom bruken av resirkulert glas går ned. Av omsyn til miljøet er ein slik reduksjon ikkje ønskjeleg.

3) Vedtak 2001/171/EF bør difor lengjast utan at det vert fastsett nokon ny frist for når vedtaket skal slutte å gjelde.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 21 i direktiv 94/62/EF —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2001/171/EF vert artikkel 6 oppheva.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. mai 2006.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 125 av 12.5.2006, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 18/2007 av 27. april 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38, 9.8.2007, s. 23.

<sup>(1)</sup> TEF L 365 av 31.12.1994, s. 10. Direktivet sist endra ved direktiv 2005/20/EF (TEU L 70 av 16.3.2005, s. 17).

<sup>(2)</sup> TEF L 62 av 2.3.2001, s. 20.